

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 614	15/179

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2015	Formannskapet	PS	19.03.2015
024/2015	Kommunestyret	PS	30.04.2015

Framtida for Bjørn West-museet

Vedlegg:

Bjørn West-museet - rapport (12577)

Vedlegg (12578)

Vedlegg (12579)

Vedlegg (12580)

Vedlegg (12581)

Vedlegg (12582)

Vedlegg (12583)

Vedlegg (12584)

Vedlegg (12585)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Masfjorden kommunestyre sluttar seg til konklusjonane i rapporten frå Museum Vest om konsolidering. Det må utarbeidast ein trepartsavtale mellom Masfjorden kommune, Stiftinga Bjørn West-museet og Museum Vest. Avtalen skal innehalda eigartilhøve til bygg og samlingar, kva det fører med seg at Museum Vest overtar driftsansvaret for Bjørn West-museet og kva økonomiske plikter Masfjorden kommune tek på seg. Avtalen må godkjennast av kommunestyret.

2 Det vert sett ned ei prosjektgruppe som arbeider med konsolidering og bygg. Gruppa blir samansett av ein representant frå kvar av desse institusjonane: Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune, Museum Vest, Bjørn West-museets venner og Stiftinga Bjørn West-museet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Formannskapet gjorde i møte 9. september 2014, sak 62/14 vedtak om å løyva kr 50000 til Museum Vest. Løyvinga skulle brukast til ei utgreiingsarbeid for konsolidering av Bjørn West-museet. Museum Vest ved direktør Stig Stark-Johansen har no levert ein rapport med tittelen «Bjørn West-museet som en del av Museum Vest?»

Konklusjonen på rapporten er at Bjørn West-museet kan ha stor nytte av å bli ein del av

Museum Vest. Museum Vest har fått i oppgåve av Hordaland fylkeskommune og Kulturdepartementet å forvalta og formidla krigshistoria i Hordaland. Frå før ligg både Nordsjøfartsmuseet i Telavåg, Herdla museum/Herdla fort og Fjell festning inne under Museum Vest. Bjørn West-museet vil tematisk bli ein naturleg del av dette mueet. Rapporten frå Museum Vest tek også til orde for at museet blir flytta til hi sida av E39. Dersom ein skal få meir besøk, må museet ligga nær hovudvegen. Dagens museumsbygning er i ein slik tilstand at det må investeraast bortimot ein million kroner for at bygget skal få ein akseptabel teknisk standard. I denne summen ligg òg tilrettelegging for rullestolbrukarar med heis. Eit nybygg på om lag 300 m² vil kosta mellom 10 og 15 mill.

Vurdering

Rådmannen meiner at ei konsolidering med eit av museumssentera, anten Museumssenteret i Hordaland eller Museum Vest, vil vera heilt nødvendig for å sikra ei god drift ved Bjørn West-museet framover. Dersom museet skal kunna få tilført midlar til drifta utanfrå, dvs. frå stat og fylke, må ein vera ein del av eit konsolidert museum.

Ved ei konsolidering vil Bjørn West-museet bli ein del av eit profesjonelt fagleg museumsapparat, noko som vil gje utstillingane og den historia som skal formidlast, eit løft. Museet vil også kunne dra nytte av den ekspertise museumssentera har på alle sider ved museumsdrifta. Eit samarbeid med Museum Vest er etter rådmannen sitt syn det mest naturlege, sidan dei har spesialisert seg på krigshistoria. Dette samarbeidet kan skaffa fleire kundar til museet, og det må vera noko av poenget med museumsdrifta.

I dag bruker kommunen om lag kr 400000 årleg på drift av Bjørn West-museet. Denne summen vil ikkje bli mindre om ein blir konsolidert med Museum Vest. Rådmannen vil i denne saka berre ta stilling til om Bjørn West-museet bør bli ein del av Museum Vest. Ei konsolidering er ikkje avhengig av eit nytt bygg. Flytting og nybygg må komma opp som eiga sak etter at konsolideringa er gjennomført, men det førebuande arbeidet bør starta no.

Uttale

Både styret i Stiftinga Bjørn West-museet og Bjørn West-museets venner har uttalt seg til rapporten. Styret i stiftinga ber om at arbeidet med konsolidering med Museum Vest held fram. Venneforeninga meiner at ei konsolidering med ei større museumseining er rette vegen å gå og vil støtta arbeidet som er i gang.

Konklusjon

Rådmannen meiner at kommunestyret bør slutta seg til konklusjonane i rapporten frå Museum Vest om konsolidering. Det må utarbeidast ein trepartsavtale mellom Masfjorden kommune, Stiftinga Bjørn West-museet og Museum Vest. Avtalen skal innehalda eigartilhøve til bygg og samlingar, kva det fører med seg at Museum Vest overtar driftsansvaret for Bjørn West-museet og kva økonomiske plikter Masfjorden kommune tek på seg. Avtalen må godkjennast av kommunestyret. Det bør også setjast ned ei arbeidsgruppe til å arbeida med konsolidering og bygg. Denne gruppa bør ha medlemmer frå dei institusjonar som er aktuelle i prosessen.

Formannskapet - 035/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Masfjorden kommunestyre sluttar seg til konklusjonane i rapporten frå Museum Vest om konsolidering. Det må utarbeidast ein trepartsavtale mellom Masfjorden kommune, Stiftinga Bjørn West-museet og Museum Vest. Avtalen skal innehalda eigartilhøve til bygg og samlingar, kva det fører med seg at Museum Vest overtar driftsansvaret for Bjørn West-museet og kva økonomiske plikter Masfjorden kommune tek på seg. Avtalen må godkjennast av kommunestyret.

2 Det vert sett ned ei prosjektgruppe som arbeider med konsolidering og bygg. Gruppa blir samansett av ein representant frå kvar av desse institusjonane: Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune, Museum Vest, Bjørn West-museets venner og Stiftinga Bjørn West-museet.

Kommunestyret - 024/2015

KS - behandling:

Presentasjon av rapport om Bjørn West- museet ved Stig Stark-Johansen, direktør Museum Vest.

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Egil Kvingedal, V, la fram framlegg til tilføyning i punkt 2:

Ordførar representerer Masfjorden kommune.

Røysting:

Tilråding til vedtak frå formannskapet med tilføyning frå Venstre vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Masfjorden kommunestyre sluttar seg til konklusjonane i rapporten frå Museum Vest om konsolidering. Det må utarbeidast ein trepartsavtale mellom Masfjorden kommune, Stiftinga Bjørn West-museet og Museum Vest. Avtalen skal innehalda eigartilhøve til bygg og samlingar, kva det fører med seg at Museum Vest overtar driftsansvaret for Bjørn West-museet og kva økonomiske plikter Masfjorden kommune tek på seg.

Avtalen må godkjennast av kommunestyret.

**2 Det vert sett ned ei prosjektgruppe som arbeider med konsolidering og bygg.
Gruppa blir samansett av ein representant frå kvar av desse institusjonane:
Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune, Museum Vest, Bjørn West-museets
venner og Stiftinga Bjørn West-museet. Ordførar representerer Masfjorden kommune.**